

TALE - INSTRUKS FOR 1. MAI:

1: Dette er ikkje nokon utskreven tale, men ei skisse av punkt som det er viktig å ta opp i alle 1/5-taler, og praktiske tips om opplegget. Til det siste først: Det er viktig å ikkje verte for lang - planlegg i forhold til sludd og regn, og då er absolutt grense 15 min. Krava til innhaldet i talen går på å dekke dei sentrale elementa i politikken vår - at talen skal rette seg klart mot monopola, mot DNA og LO-toppen, - at den skal rette seg mot begge supermaktene.

Vi skisserer opp 4 viktige punkt alle bør ta opp:

2: Indokina.

FUNK sin siger i Cambodsja må framhevast - etter 5 års krig er USA og deira quislingar kasta ut og 1/5 kan feirast i eit fritt og uavhengig land. Også framheve Sovjet si rolle her - heilt til det siste har dei opprettheldt diplomatisk samband med Lon Nol-klikken og motarbeida FUNC og Grunc (Mye stoff om dette i to siste nr. av KK).

Ta også opp Vietnam - det viktigaste der bør vere å kome med rykande ferske kommentarer på den aktuelle stoda. Det skjer mye nytt i kampene der kvar dag, og det kan vere store endringar på 1/5.

Vidare viktig å understreke vårt ansvar for å halde fram med støtte- og solidaritetsarbeidet i stor skala. Reaksjonen i Norge og elles har kjørt steinhard hets mot frigjeringskampen - denne må motast - barnerov må fordømmast. Viktigaste oppgåva i solidaritetsarbeidet framover vert to ting - økonomisk støtte og press på DNA-regjeringa om diplomatisk anerkjenning. Polemiser mot Frydenlund sin tale på AP-landsmøtet om at no var det for seint å anerkjenne PRR - & "når vi ikkje gjorde det når bombene hagla" (Arbeiderbladet 22/4). Same Frydenlund sa "då bombene hagla" at det var for tidleg å anerkjenne PRR.

Prøv også å få inn noe på SV si rolle i støttearb. - sabotering, og i tilhøvet til Cambodsja (sjå 3 siste nr. av KK, Orientering og Friheten).

3: Streik.

Siste året har vore eit av dei største streikeåra etter krigen - materiale om dette bl. a. i Arbeiderbladet for 23/4. Betydninga av at arbeidsfolk ikkje godtar elendige oppgjør - framheve dei to viktigaste streikane - telefonsentral & heismontøra og også

/2/

legge vekt på betydninga av å drive eit aktivt støttearbeid. Kjøre på DNA og LO-toppen si reaksjonære rolle - her kan det også leggst inn spark til SV - t.d. på K. Harbu sine utfall mot å drive streikestøttearbeid (sjå aktuelle KK og Friheten).

Finns også materiale om betydninga av desse streikane i siste RF. Må også ta opp den pågåande streiken ved A/S Hamnerverk i Stavanger - der folk vert trakassert og hardt pressa. Mye aktuelt stoff om denne streiken i 1/5 nr. av KK. Oppfordring om støttearbeid - oppretting av støttekomite - pengeinnsamling, støtteuttalelser osv.

4. Krisa.

Framheva at det er ein stor krise i den kapitalistiske økonomien, på mange måter den største etter krigen. Denne har ennå ikkje ramma Noreg med full tyngde, men den vil gjere seg gjeldende i stadig større grad. Dette stiller krav til oss om å ta tiltak for å slåss mot krise - førebuing på å utvikle propaganda om kvifor krise og aktuelle kampformer. Ideer om kva slags tiltak - sjå KK.

Bør også legge stor vekt på å ta fram det lokale. Døme på virkningane av krise - nedlegging, innskrenkingar, permitteringar osv.

5. Supermaktene USA og Sovjet - ein trussel mot Norge.

Ta opp at begge supermaktene, både økonomisk, militært og politisk representerer ein trussel mot alle verdens folk, også mot Norge. Dette både pga. strategiske tilhøve, ved NATO-medlemskapet - kan aldri redde seg unna ulv ved å søke tilhald hos ein annan ulveflokk - og viktigare idag enn før pga. olja. Konkretiser også ved å vise til supermaktene si rolle ang. utviding av fiskerigrænse - Sovjet si rolle her.

Viktig å reise opinionen mot begge supermaktene - NATO ut av Norge.

Stoff til dette punktet får dere finne i KK og Røde Fane.

6. Lokal tilløpning av talen.

Desse fire punkta bør tas opp overalt, men det er klart at mange plasser bør lokale ting få ein meir framskutt plass. T.d. i Nord-Noreg må det sjølsagt leggst stor vekt på kampen for 50-mila, i særlege olje-distrikt må dette tas grundig opp, på store skoleplasser må ein gå noe inn på skole- og utdanningspolitikk osv.

Andre aktuelle emner er regjeringa sin avtale med IEA med det dette inneber for norsk suverenitet osv.

På desse punkta finns det også mye stoff i KK, vil tilslutt igjen minne om lengda - lag ikkje foredrag på ein time eller meir - det vert fiasko.

Lykke til!